



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Invitasjon til Fylkesmannen sine fagdagar for barnehage og skule 7. – 8. mai 2014 i Molde, Alexandra hotell

Primærmålgruppe: Barnehage- og skulefagleg ansvarlege i kommunane, eigarar av private skular og ikkje kommunale barnehagar, M&R fylkeskommune, PPT-leiarar.

I tillegg inviterer vi: Leiarar i barnehage og grunnskule/ vg.oppl., KS, Høgskulen i Volda og Utdanningsforbundet

Påmeldingsfrist fredag 25. april 2014!

PROGRAM:

Onsdag 7. mai blir fellesdag for barnehage og skule med registrering frå kl. 10:00. Programmet går frå kl. 10:30 til 16:00 med lunsj ca. kl. 12:00. Eventuelle regionale samlingar etter kl 16:00.

Hovudtema for dagen blir kva for kompetanse som trengst på ulike nivå, både i barnehage og skule, også kompetanse på å gje politisk eigarnivå nødvendig styringsinformasjon.

Målet med dagen er også å gje konkret kunnskap om regelverk, sakshandsaming og verkemiddel for å fremme kvalitetsutvikling, samt innsikt i kva kunnskap og kompetanse ein treng å ha for å fyllle rollene som barnehage- og skulefagleg ansvarlege i kommunane.

- 10:30 – 10:45 Velkommen - innleiing – v/ Utdanningsdirektør Alv Walgermo
- 10:45 – 11:40 Foredrag ved professor Lars Inge Terum: **Kompetente førskule-/lærarar – også barnehage-/skuleeigar sitt ansvar** (Terum er professor og dr.philos i sosiologi, og har dei siste tiåra leia arbeidet med å byggje opp Senter for profesjonsforskning ved Høgskolen i Oslo. Han er også professor II ved Høgskulen i Volda)
- 11:40 – 12:00 Fylkesmannsrolla og Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine mål og strategiar – også relevant for barnehage- og skulesektoren ! v/ Assisterande fylkesmann Rigmor Brøste
- 12:00 – 13:00 Lunsj

- 13:00 – 13:30 Kommunen som barnehageeigar og barnehagemyndigheit. v/ fagkoordinator Maren Ørjasæter Aaland og fagkoordinator Silje Veronica Reinaas
- 13:30 – 14:00 Kva inneber det at «*Kommunen skal ha skulefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skolenivået.*»? v/ ass. utd.dir. Jørn Thomassen og juridisk rådgjevar Nicolai Støren
- 14:00-14:15 Pause
- 14:15-14:45 Gruppearbeid: *Kva forbettringspotensiale har vi? Korleis utløyser vi det?*
- 14:45-14:55 Oppsummering i plenum
- 14:55-15:25 Kommunen som barnehageeigar og barnehagemyndigheit v/ Reidun Mo, seksjonsleiar barnehage Ørsta kommune
- 15:25-15:55 Kommunen som skuleeigar og erfaringar frå deltaking i utviklingsprogrammet «Den gode skuleeigar» v/ Kim Atle Kvalvåg, fagsjef oppvekst i Eide kommune
- 15:55-16:00 Oppsummering og avslutning

Torsdag 8. mai deler vi barnehage og skule etter ei fellesøkt.

Programmet går frå kl. 09:00 til 15:00 med lunsj kl. 12:00.

Kl. 09:00-11:00

Felles for barnehage og skule:

- Leiing - med vekt på implementering v/høgskulelektor Kari Kvistad Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning

Kl. 12:00-13:00 Lunsj

Kl. 13:00-15:00

Barnehage:

- «**Kvalitet 2020**» v/Maren Ørjasæter Aaland
-Med bakgrunn i gruppearbeida på dei regionale møta i januar og innlegget til Kari Kvistad i dag, arbeider vi vidare med strategien «Kompetanse for framtidens barnehage»

Presentasjon av skisse til fylkesplan «Kvalitet 2020»

- iltak for barnehagemyndigheit
- iltak for styrarar
- regionale utviklingsarbeid knytt til tematiske satsingsområde
- utdanningstilbod osv.
- Orienteringar
 - Tilsyn
 - Årsmeldingar
 - Økonomisk likeverdig behandling
 - GLØD, kampanjeaktiviteten 2014

- Lov- og rammeplanarbeidet

Skule:

- Elevundersøkinga og andre verktøy – kva er nytt - orientering og opplæring i bruken v/ Petter Haagensen frå Utdanningsdirektoratet
- Rådgiving og karriereløype/ karrieresenter- v/ Rose Skarset M&R fylkeskommune
- Erfaringar med tilbakemeldingar til kommunane (om korleis det går med elevane i vgs) – v/Geir Løkhaug M&R fylkeskommune